

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykker ref.

Vår ref.
19/622-1/LANO

Dato
30.09.2019

Innspel til barne- og ungdomskulturmelding – Språkrådet

Språkrådet kjem her med innspel til regjeringa sitt arbeid med barne- og ungdomskulturmelding.

Det overordna målet for språkpolitikken i Noreg, og eit hovudmål i kulturpolitikken, er å sikre den stillinga det norske språket har som eit fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg. Norsk skal vere eit felles språk i det moderne, fleirkulturelle samfunnet, og vi skal kunne bruke norsk på alle samfunnsområde – i alle samanhengar. Ein føresetnad for det er eit attraktivt kultur- og medietilbod på norsk for alle aldersgrupper.

Barn og ungdom er både storkonsumentar og storprodusentar av kunst- og kulturuttrykk. Dei siste åra har vi sett ein stor auke i bruken av digitale plattformer, og barn og ungdom bruker desse plattformene aller mest. Det er difor svært positivt at regjeringa varsler at kunst- og kulturuttrykk på digitale plattformer er sentrale emne i den nye meldinga.

Språkperspektivet må vere med i drøftinga av den digitale kvardagen til barn og unge. Det er blant anna viktig å slå fast at norske barn- og unge må få møte sitt eige språk på dei digitale plattformene dei bruker. Dataspel og videodelingstenester som YouTube er ein svært viktig del av mediekvarden til norske barn og unge, og her er det engelsk som dominerer i dag.

Digitalt innhald og dataspel blir jamt meir brukt i norske bibliotek og i skulen. For tida vurderer ein òg om digitale spel skal takast inn i Kulturtanken sitt tilbod til barn og unge. Det har òg kome signal om auka løyvingar til dataspel gjennom Norsk filminstitutt. Bibliotek og skular har vore trygge og viktige domene for læring og bruk av norsk språk. Det vil vere språkpolitisk svært uheldig dersom digitalt innhald på engelsk skal dominere her òg. Ei barne- og ungdomskulturmelding må vise korleis ein kan sikre eit godt digitalt tilbod på nynorsk, bokmål, samiske språk og nasjonale minoritetsspråk i desse institusjonane.

Nyleg la regjeringa fram ein dataspelstrategi for tidsrommet 2020–2022, som òg Språkrådet kom med innspel til. Det er gledeleg at dataspel no får meir politisk merksemd. Det er også positivt at strategien slår fast at norsk språk er i ein utsett posisjon på spelfeltet.

Barne- og ungdomskulturmeldinga kan ikkje nøye seg med berre å slå fast dette. Ho må òg fremje ein politikk for dei mindre brukte språka i Noreg, slik som nynorsk og ulike samiske språk. Barn som veks opp med desse språka, må få møte sitt eige språk på digitale plattformer. Bibliotek og skular i nynorskområde og samiskspråklege område må kunne tilby variert, godt innhald på desse språka til



Postadresse
Postboks 1573 Vika
NO-0118 Oslo

Besøksadresse
Observatoriegata 1 B
NO-0254 Oslo

Sentralbord
+47 22 54 19 50

E-post
post@sprakradet.no
Internett
www.sprakradet.no

Organisasjonsnummer
971 527 404

dei unge brukarane sine. I ei digitalisert tid vil det vere avgjerande for at desse barna skal føle at språket deira er verdfullt og brukande på alle område.

Parallelt med den nye barne- og ungdomskulturmeldinga blir det arbeidt med ei ny språklov og ei ny språkmelding i Kulturdepartementet. I framlegget til lov står det at offentlege organ skal ha eit særskilt ansvar for å fremje det minst brukte skriftspråket, nynorsk. Ei ny barne- og ungdomskulturmelding må seie noko om korleis ein kan fremje det nynorskspråklege kunst- og kulturtilbodet retta mot barn og unge, og føreslå tiltak som kan styrke dette tilbodet.

Språkrådet ser fram til ei viktig stortingsmelding som vonleg vil stø opp under det rike språklege mangfaldet i Noreg.

Vennleg helsing

Nina Teigland
seksjonssjef

Lars Ivar Nordal
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep 0030

OSLO